



Notat

Til:

Kommunestyret

Frå:

Jan Erik Boge

Budsjett og økonomiplan 2022-2025 - Justert kostnadsoverslag for fleirbrukshall/idrettshall

Saknr/Journalnr

21/392/21/9664//JEB

Arkivkode

FE-151

Dato:

29.11.2021

I formannskapet sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2022-2025 er det lagt inn midlar til bygging av fleirbrukshall/idrettshall i Hagabotnane eller ved Samnanger barneskule. Kostnadene som er lagt inn i framlegget, er basert på førebels kostnadsoverslag frå slutten av oktober 2021.

Kommunen mottok 26.11.2021 revidert førebels kostnadsoverslag frå ABO Plan og Arkitektur AS. Der er byggekostnadene redusert med om lag 10 mnok. I tillegg er også årlege driftskostnader/livssyklus-kostnader redusert.

I framlegget til budsjett og økonomiplan er det rekna med tippemidlar på 10 mnok, men ikkje med såkalla KUP-midlar (KUP = Kulturelt utviklingsprogram). Det ser no ut til at det vil vera sannsynleg med til saman 18 mnok i tippemidlar og KUP-midlar.

Til saman inneber desse endringane i kostnads- og tilskotsoverslag at antatt lånebehov for fleirbrukshallen/idrettshallen vil bli redusert med om lag 18 mnok i forhold til det som ligg til grunn i framlegget til budsjett og økonomiplan 2022-2025. Årlege kostnader til drift/vedlikehald m.m. vil også kunne reduserast, truleg med mellom kr. 500 000 og 1 mnok.

Som vedlegg til dette notatet følgjer oversikt med samanlikning av kostnadsoverslag pr. 27.10.2021 og 26.11.2021. Det går der fram kva som er endra i det nyaste kostnadsoverslaget.

Dersom låneopptaket blir redusert med 18 mnok, vil kommunen sine utgifter til avdrag og renter bli redusert med om lag kr. 900 000 årleg dei første åra av låneperioden (gjeld for eit serielån med nedbetalingstid på 40 år og med 2,5 prosent nominell rente).

Sak om prosjektplan for fleirbrukshall/idrettshall vil truleg bli lagt fram til politisk handsaming i første møterunde i 2022. Det kan eventuelt bli nye justeringar i kostnadsoverslaga før dette.

Vedlegg:

Samanlikning kostnadsoverslag hall 27.10.2021 i forhold til 26.11.2021